

Til  
Vindafjord kommune  
v/ordfører, rådmann og politiske parti

## **Riv gamleskulen og gjer ei totalvurdering av arealet**

Vikebygd grendeutval ser positivt på framtidsutsiktene for Vikebygd. Det er mykje positivt i bygda, unge etablerer seg, det er både hus og hyttebygging, barnetalet er høgt i skule og barnehage, det er godt miljø og gode fritidstilbod til dei yngste, folketallet er stabilt og har stort potensial til vekst dersom forholda blir lagt til rette.

Nå når det er nye bustadtomter under opparbeiding og snart klare for sal er ein av dei viktigaste faktorane som har mangla dei siste åra på plass.

Hovudutfordringa for å få løyst ut potensialet til vekst er nå vegen, først og fremst mot Isvik, men også innover mot Bjoa.

Grendeutvalet er kjent med at gamleskulen er lagt ut for sal og har munnleg overfor ordfører og administrasjon fleire gonger uttrykt vår skepsis for sal utan å først gjera ei heilhetlig vurdering av området.

Gamleskulen ligg midt i hjarta av bygda, ligg midt i uteområdet for barnehage, skule og fritid, og det er svært viktig at dette området får ein bruk som er positiv for bygda. Det vil vera særst uheldig om bygget blir selt for å brukast til overnatting for leigearbeidarar. For det første vil dette vera å blanda grupper som ikkje høyrer saman og som kan føra til at born og føresette blir utrygge. For det andre vil dette stengja for ei totalvurdering av arealet.

Me vil få oppmoda politikarane om å følgja rådmannen si innstilling om å riva gamleskulen.

Vik grendautval meiner at for å få ei god framtidsløysing for dette området vil det beste vera å riva gamleskulen og deretter set i gang eit kreativt arbeid saman med Vik grendeutval og bygda elles for å sjå korleis dette området kan utviklast til å vera ein ressurs for bygda si utvikling.

Her kan ein tenkja seg fleire alternativ frå bustader til servicenæringar. Det er svært sannsynleg at ein kortsiktig gevinst ved eit sal av bygget vil vera eit stort økonomisk tap for kommunen i forhold til å sjå heile området samla.

Vik grendeutval har fleire gonger det siste halvåret bede om å bli høyrd og rådspurd før kommunen tar avgjerd om kva som skal gjerast med bygget og eigedommen.

Me er skuffa over å ikkje ha fått respons på dette tidlegare, men ved å følgja rådmannen si innstilling så håpar me på å få lov til å bidra i prosessen framover.

Vikebygd 17. januar 2012

Vikebygd grendeutval  
Rune Hetland, leiar